

Universitetet i Agder
Fakultet for Økonomi og samfunn

E K S A M E N

Emnekode: ME 100
Emnenamn: Samfunnsvitenskapeleg metode

Dato: 3. desember 2009
Varighet: 4 timer

Tillatte hjelpemiddel: Kalkulator, ordbok (språk)

Merknader:

Du har gjennomført ei omfattande studie som tek føre seg korleis skoleprestasjonar heng saman med oppvekstvilkår. Undersøkinga har 2 fasar. Først har du gjennomført ei kvantitativ undersøking av eit utval beståande av 5000 elevar som i inneverande år fullførte 10-årig grunnskoloutdanning. Deretter vil du gjere ein kvalitativ studie for å skaffe fram meir kunnskap som går i djupna om det fenomenet du her studerar.

a) Tabell 1 viser resultatata frå en krysstabellanalyse. Kva finn du ut ved å tolke resultatata frå krysstabellen?

Avhengig variabel er operasjonalisert ved elevens gjennomsnittskarakter frå 10.klasse, som her er todelt etter om eleven hadde eit karaktersnitt som var lågare enn 4 eller høgare, eller lik, 4.

Uavhengige variablar:

Mors utdanningsnivå reflekterer korvidt eleven si mor har høgskule-/universitetsutdanning (=Høy) eller ikkje (=Lav). Familiestruktur er operasjonalisert ved om eleven budde saman med begge foreldra (=Gifte/samboende foreldre) eller andre familiekonstellasjonar (=Særboende foreldre)

Tabell 1: Krysstabellanalyse

Mors utdanningsnivå	Familiestruktur	Elevens gjennomsnittskarakter fra 10. klasse	
		Lavere enn 4	4 eller høyere
Lav	Gifte/samboende foreldre	48 %	52 %
	Særboende foreldre	71 %	29 %
Høy	Gifte/samboende foreldre	24 %	76 %
	Særboende foreldre	43 %	57 %

Resultata frå krysstabellen var så interessante at du valte å utføre ein meir omfattande analyse. Tabell 2 viser resultata frå ein regresjonsanalyse der du har inkludert fleire uavhengige variablar.

b) Kva kan vi lese ut av regresjonsanalysen i tabell 2?

Avhengig variabel:

Elevens gjennomsnittskarakter frå 10.klasse målt på karakterskalaen frå 1-6.

Uavhengige variablar:

Kjønn: 0=Gutt, 1=Jente

Etnisitet: 0=Foreldre frå vestlige land, 1=Foreldre er innvandrarar frå ikkje-vestlige land

Familiestruktur: 0=Særboende foreldre, 1=Gifte/samboende foreldre

Både Mors utdanningsnivå og Fars utdanningsnivå: 0=Grunnskole eller mindre, 1=Grunnkurs videregående opplæring, 2=Fullført 3-årig videregående opplæring, 3=Grunnfag eller bachelor ved høgskule/universitet, 4=Hovedfag/mastergrad ved høgskule/universitet

Tabell 2: Regresjonsanalyse

Uavhengige variablar	B Stigningstall	Beta
Konstantledd	2,796	
Kjønn	0,412	0,248
Etnisitet	-0,066	-0,013
Familiestruktur	0,304	0,374
Mors utdanningsnivå	0,138	0,247
Fars utdanningsnivå	0,116	0,216

*Alle uavhengige variablar er statistisk signifikante.

c) Gjer kort greie for kva slags utvelgingsteknikk du ville nytta i den kvantitative analysen for å velje ut einingar med tanke på å få eit representativt utval.

d) I ettertid av den kvantitative studien ser du at det kan vere interessant å gå meir i djupna på dei samanhengane som er avdekka i den kvantitative analysen ovanfor. Kva slags kvalitativ metode ville du nytta, og korleis ville du gjennomført dette?